Førsteblad

I

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur

Oppskr. av: Olav Bakken

(adresse): Langlim Flatdal

Fylke: Telemark

Herad: Seljord

Bygdelag: Åmotsdal

Gard: Bakken

G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Enggi var berre ein lut av heimejordet som utgjorde både slomgrasdölar og hevdesig og blåskrap. Det vart skilt mellom tykkeng og steinnare eng, den siste gav berre tunn si'breil. Skrapslåtta gav småbreier eller kvirvlar.

Ekre ɔ: attlagd åker er ålment kjent. Ofbast var berre ein liten del av heimejordet langoroslått. Både tykkengi og skrapet var for det meste stuttoro-slått – for ikkje å tala om slomgraset i små fösshögg og udyrkje, der det var vant nok å slå det med stuttljåen.

2. Rydding og utvoiding av jordet gjekk for seg med rothogging og lyngsviing i utkantar, og skoghöttar midt i slåtta. Lauv- og barröyta la dei i „dónjur" desse hevda nokså bra. Steinar vart lagde i röyser her og der – ofte samla rundt ein stor jütulstein. Elles var heimejordet nokså steinut, mangestad tett sett med nibbestein og skjerur som tørte ljå og

Knekte rivetindar til ålment sinking av slåttonni. Oska var rekna for god hevd.

3. Mosevaksen eng laut grindefarast skulle det bera att. Ved at småkröteri stod der og trakka og gjödsla, kom det att heilt nytt gras både sürü og bonteng.

Det vart sått höyfræ i alle legder, men det var „blanda" fræ som spirde – mest Kattenös (kvassdå) og höymöler. Klöver og timotei var ukjent fyre 1905 i desse trakter.

4) Både vatning og vreiting (gröfting) er gamalt nytta. I grünne skölvreiter förde dei vatnet framover turre hausar, sume stad la dei gjödselbönjur i slike vreitekjefter, og då vart det reine gjödselvatn som spreidest utover. Jamvel på staulane (sætrane) kan ein sjå over 100 års gamle vreiter (Skörstaulen t.d.)

5. Gjödsli var nok essla åkeren i stor mun, men hestelort og talle (frå saustille og geitegar'en) var nytta på jordet like frå gamal tid. Denne gjödsli måtte skvettast i flekkesnöen eller i regnver haust som vår. 1 lass på målet.

6. Hevdehöy var eit sams nemne for höy frå gjödsla mark på heii som heime, det var nytta for nybærür (nykalva) og for hesten.

7. Husi sette dei öust i haddi så hevdedraget skulle få verka fritt, hevdevatnet frå fjöset leidde dei i skölvreiter til sides i bakkehaddi der det fall slik.

Eit vårfjos (heime) eller eit sumarfjos på staulen, sette dei stödt slik at hevdedraget kom til sin rett.

Under åkrane var vanleg eit engstykke som stod stödt i god hevd.

2064

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

# Emne 12 (framhald)

8. Ein gjødsla helst om våren (i flekksnøen) Anten køyrde dei ut hevdi nokre viker fyreåt og la i små møttingar (hraugar) eller også beint frå fjøset og skvette det frå sleden (mykjaslede) På små bruk drog dei gjerne ut gjødsli på åker og eng; dei nytta lettgorda, små mykjasledar.









Sidefjøl

1 skåke
2. mei
3. vegand
4. hønn
5. staband
6. Rim
7. Flaute

Etter 1925 har hjulgogn vorte delvis nytta (vippekjerre) i denne grenni.

9-10.) Husdyri beiter framleis på eng og utslåtter. Småfeet om våren og stornaut og hest også om hausten. Skort på beite er grunnen. Slik har det vore i manns minne.

11) Gjødsli smuldra dei med å draga eller køyre ei snærgran over vollen, dei slo også sund klumpar og „kaker“ med ein greip eller ei trereke. Elles raka ein lort med ei vanleg rive når det hadde gjenge ei tid. Dei tok gjerne dette arbeidet på same tid som rudnaden om våren (steinplukking etc.)

12.) Haust og vår vart kyrne hyste i heimefjøset, men sumarstid frå Jonsok (24-6) til Krossmess (14-9) heldt dei til på heii. Dei fleste stader var fjøs, men i eldre tider låg dei lause på staulen eller i kviggarar

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2064

eller i grindar. Ein kviggar var ein del av stølen som var inngjerd. Det kunne vera 5-10 mål og meir.
Grindi var gjerne eit heilt grinderei (12 stk) eller meir. Desse bugrindar var laga av tvo økar og fem spøler og tvo svigar (av dobbel vrest) omlag 4 m lange. Dei rekna ei grind til kui. Desse grindar flutte dei så annankvar dag eller så etter som det trongst.
Til å feste grindane saman nytta dei sprettehenkar(1) eller vanleg ringhenkar; men sprettehenkar var meir å lita på.

(1) 

Bugrind.

Desse grindar kjem no meir og meir av bruk, iallfall til stornauti. Til å hegna geitene i vert dei endå nytta - men oftast berre eit halvt grinderei (6 stk)
Å flytta ei stor grind var mykje arbeid i sær om vollen var ein øyre med hard botn. Oftast var jarnstauren nuo og lite kvass og var det attåt turrvêr så øska det seg i holet og drausi nedi att så grindane hadde vondt for å stå. Var marki ujamn rei spølen ned på revangen og hoppa opp i kvar ende - då laut ein stenge med stein og fork og kva ein fann.

2064

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# Emne 12 (framhald)

15-16-17) Fyrr i tii då bjørn og skrubb var rame etter buskapen, flutte dei grindi nære setusel eller sumarfjós, det var som ei lite verge det.
På Skör gjorde min olkefar denne rådgjerd eingong (omkr. 1814) medan han sjølv tok plass på fjoshjellen. Men bjørnen kom som ein kar og reiv opp ei grind og slengde som ei fille nedover stoulen. Sauene flaug i ein dott inn mot fjósveggen, og oldefar som hadde berre ein granpåk til våpen, storma ut or fjøset med hug og skrik. Bjørnen fekk ein fæl støkk i seg og römde for livet med ein sinna mann i hælane — og aldri vitja han grindi på Skör stoulen sidan.
Nokor vakthus i dette höve var ukjent her — likeins med grindmat o.l.
18.) Saufjós på hjul er ukjent.

19) Ei trö er kjent i desse bygder. På fleire stader langs bufærvegen gjennom Åmotsdal er tröir. Dei er oftast mura av små stein i firkantar. På Kleivi og Kyrkjemoen er fleire slike. Når driftene drog til og frå fjellet, hadde dei nattstö i desse tröer. Ei legu var og ein slik nåttstad, den var helst i ville heii og hadde ikkje noko gjerde rundt seg. Slike namn finst her som Lego ved Vinsvål-Sanden. t.d. — det er ein turr furutange ved Sundsbarmvatn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

20. Dette med stølesdrift er svært gamalt i Selgjord herad. I „Sillegjord beskrivelse" 1786 fortel Hans Jacob Wille nokså nøye om søterlivet. Det er helst annekset Åmotsdal som har dei fleste stølar. Medan hovudsoknet har 116 og Flatdal 129, så har Åmotsdal med Langlim 270. Det er både heimestølar og langheiar – 1 mil borte og meir. Desse stølane vart oftast hevda meddi folk år om anna „sat" på dei med ein stor buskap. Ein ser merke etter eisa ved alle setu-sel. Desse stølar vart så slåtta på, sume slo dei berre annakvart år. Dei „kvilde" stølen som det heitte.

„Til Fjelds have de på disse ståler deres meste og beste græs", seier Wille (s. 193)

Hevdehøyet som kom frå fjellstølane var meir kraftigt enn anna høy.

No etter år 1900 har det gått attende med stølane i Åmotsdal. Ein kan fort telja dei som sit med krøter på stølane og minst halvparten vert aldri slegne ein gong. Seli rotnar ned, med sine kvåvtak eller torvtak og snerpefinnen får stå urørd år etter år på dei grovrudde stølesvollar. Argumentet er: Det løner seg ikkje med dei dyre arbeidsløner.

21) Bork og granbar er gode gjødselemne, men har berre vore med og gjeve godt beite i skogen (uthagstar)

2064

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING Olav Bakken 27/10-48

Tel. Seljord

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM.
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ? Nei



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei

Har ein bruka kumøkk til brensel ? nei

O. T. S. Bakken 24/10-48

2065
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING